Vårdugnad 2019

4. mai frå klokka 10.00

Laurdag 4. mai er det tid for den årlege vårdugnaden, der vi tek eit tak for å gjere det fint til 17. mai og for ungane i bygda. Tradisjonelt har dugnaden vore eit samarbeid mellom Holsen Grendalag og Holsen skule- og barnehage, men i år er også soknerådet medarrangør.

Under dugnaden ryddar og ordnar vi på uteområdet til skulen og barnehagen, samt ved tusenårsplassen. Her inngår blant anna kosting, raking, hagearbeid m.m.

I år er det i tillegg behov for ein ekstra innsats ved kyrkja. Blant anna trengs det vedlikehald av gangstien som er på veg til å gro igjen, og det er ein stor dunge med jord på området som må planerast ut. Vi får tilgang til gravemaskina til Førde kyrkjelege fellesråd. I tillegg treng gjerdet opp langs vegen eit nytt strøk med måling, så om vi vert nok folk kan vi også starte nedvask av dette.

For å rekke over alt er vi avhengig av at flest mogeleg møter opp og bidreg, og håpar mange har anledning til å bidra ei stund.

Det vert lett servering for dei frammøtte.

Vel møtt!

Holsen Grendalag
Holsen skule og barnehage
Holsen og Haukedalen soknerråd